



Bygg Engros AS  
Opstadveien 10  
4330 ÅLGÅRD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2370 - 15/24433

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
03.07.2015

## Arkivering av søknad utan handsaming gbnr 196/53

Vi viser til Dykkar søknad, motteken med vedlegg den 01.06.2015. Det vises også til tidlegare telefonsamtale med ansvarleg søkjar.

### Vurdering

Søknaden kan ikkje handsamast som på grunn av fylgjande tilhøve:

#### Veg

I søknaden er det opplyst at tiltaket gir ny/endra tilkomst. Ved ny/endra tilkomst må det innhentast løyve frå vegmynde. Dette kan utsettast til søknad om igangsettingløyve. Men, det er vidare opplyst at tomta har tilkomst til privat veg som er opparbeida og open for ålmenn ferdsle, og at tinglyst erklæring ligger føre.

Det er ikkje dokumentert vegrett. Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert at tilkomstvegen fram til eigedomen er godkjent. Dette må avklarast før ein søknad kan handsamast.

#### Avløp

Departementet ved Egil Stabell Rasmussen har i straumpost av 29.04.2013 opplyst at det må vere eit vilkår at byggeløyve ikkje kan gis før det er på det reine at avløp lar seg ordne.

- For tilkopling til kommunalt anlegg inneber dette at det må vere avklart at tilkopling til eksisterande anlegg kan gjennomførast.
- For anna utslipp må det ligge føre ein konkret utslippsløyve.

Vidare må privatrettslege rettar til stikkleidningar over nabogrunn vere på plass.

Det er opplyst at det ligg føre utslippsløyve for ny bustad. Det er vidare opplyst at tomta er tilknytt privat avløpsanlegg, at avløpsanlegget krysser annen mann sin grunn og at tinglyst erklæring ikkje ligg føre.

Det er ikkje dokumentert rett til å legge leidningar på annen mann sin grunn. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre utslippsløyve for ny bustad.

#### Vatn

Det er opplyst at tomta er tilknytta privat vassverk, at vassstilførsel krysser annen mann sin grunn og at tinglyst erklæring ikkje ligg føre. Det er også opplyst at vassforsyninga er ukjent.

Det må dokumenterast rett til å legge leidningar på annen mann sin grunn. Det må vidare dokumenterast at det er forsvarleg tilgang til hygienisk betryggande og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sokkevatt.

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



### Situasjonsplan/utomhusplan

Situasjonsplanen viser ikkje fyllingsfot/top.

### Nabovarsel

Eigarar av gnr 196/185, 196/79 og 196/78 er ikkje varsla (gjenbuarar).

### Dispensasjonssøknaden

Dispensasjonssøknaden er ikkje grunnlagt.

### Signatur

Søknaden er ikkje signert av tiltakshavar. Tiltakshavar sin signatur skal vere påført søknaden når den ikkje vert sendt inn via byggsøk.

### Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.11 Avvist sak som krev bruk av kvalifisert føretak	1	2.200
Totalt å betale:		<b>2.200</b>

### **Vedtak:**

Søknaden vert arkivert utan handsaming, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Dersom de ynskjer at omsøkte tiltak skal realitetshandsamast, kan de sende inn ny kvalitetssikra søknad til kommunen.

### **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnleggjast. Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Erik Bauge

Feråsen 43

5253

SANDSLI

### **Mottakarar:**

Bygg Engros AS

Opstadveien 10

4330

ÅLGÅRD